

Møteprotokoll

Råd: Valle og Hylestad Sokneråd

Dato og tid: 28.01.2025, 15:45

Stad: Valle kyrkjekontor

Saksmappe: V&H2025-12

Til stades: Torstein Bjørgum (Leiar), Gudrun Sagneskar (Nestleiar), Knut Olav Uppstad (Medlem), Kristine Kleiveland (Medlem), Liv Gunn Viki (Medlem), Knut Hagen (Andre innkalte)

Forfall: Arne Tronsen (Medlem), Kristian Mosvold (Medlem)

Protokollfører: Toralv Frøysaa Lie

Sakslista

Faste Saker

- 001/25 Opning
- 002/25 FR - Godkjenning av innkalling og saksliste
- 003/25 Leiar i soknerådet orienterar
- 004/25 Kyrkjeverja orienterer
- 005/25 Presten orienterer
- 006/25 Førespurnad
- 007/25 Fellesrådet og Soknerådet har kvar sine særskilte oppdrag

Møtesaker

- 008/25 Minnelund - endeleg handsaming
- 009/25 FR - Revidert framlegg til Forskrift om gravplassvedtekter, Valle kommune, Agder fylke
- 010/25 Minnelund - tilbod på namneplater
- 011/25 FR - Forslag til priser og avgifter på tenester som gravplass-styresmakt
- 012/25 SR - Hylstringen - marknad på Rysstad 23-25 mai – spørsmål om kyrkja kan delta

Orienteringssaker

- 00001 Årsstatistikk for Den norske kyrkje Valle og Hylestad sokn 2024
- 00002 Rapport på trusopplæringa i Valle og Hylestad sokn 2024
- 00003 Årsrapport for prostidiakonen 2024
- 00004 Referat frå Diakoniutvalet i Valle
- 00005 Utbetring av spelebordet og tangentane på orgelet i Valle kyrkje.
- 00006 Fjerning av tepper i Valle kyrkje
- 00007 Minnelund - ein oversikt over kostnader

Kristine Kleiveland
Medlem

Liv Gunn Viki
Medlem

001/25 Opning

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	28.01.2025	001/25

Vedtak

FR takkar for dette.

002/25 FR - Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	28.01.2025	002/25

Forslag til vedtak

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Vedtak

Innkalling og saksliste samrøystes godkjent.

003/25 Leiar i soknerådet orienterar

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	28.01.2025	003/25

Møtebehandling

Ein ynskjer å ha eit fokus på strategi framover

Vedtak

SR tek dette til orientering.

004/25 Kyrkjeverja orienterer

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	28.01.2025	004/25

Møtebehandling

Stillinga som klokkar / kyrkjetenar i 30% stilling er ledig og vil bli lyst ut så snart som råd. Ein har ei mellombels løysing for teneste på gudstensta 2. februar. Tidlegare klokkar / kyrkjetenar har sagt seg villig til å gjere teneste på gravferd inntil vidare.

For konfirmantåret 2025 - 2026 er det 8 konfirmantar i Valle og 6 konfirmantar i Bykle. Kyrkjeverja vil, saman med staben i Bykle og Valle, ta ansvar for informasjon ut til konfirmantar og foreldre, og førebuing av konfirmantleiren konFACTION i Bø fredag 20. - tiysdag 24. juni.

Konfirmantane vil også dette året ha ein basar til inntekt for Misjonsprosjektet vårt - Stefanusborna i Kairo - Egypt. Her treng ein frivillige til å vera med praktisk på laurdag 1. mars i Kyrkjestoga.

Inspirert av eit arbeid i Tinn ønsker administrasjonen å samle informasjon om Messeklede og Altarskrud i kyrkjene. Det ligg eindel verdifull dokumentasjon, og ein vil arbeide for å samle dette og gjere det lett tilgjengeleg. Det kan gjere praktisk nytte i forhold til eit pedagogisk opplegg for barn og unge. Her kom det eit innspel om at ein og kunne samle informasjon om kyrkjeklokkene og ringeskikkar med same nytta.

Vegleiaren kom ut med eit nummer før jol 2024.

Det har kome positive tilbakemeldingar på dette, og ein ynskjer å fortsette med å gje ut dette slik det var tidlegare, med 4 nummer i året.

Om prestetenesta er dette å seie.

Tenestedeling mellom prestane er stort sett på plass fram til sommaren.

Det er ønskeleg å utvikle samarbeid med kristeteamet i kommunen.

Vedtak

FR tek orienteringa til etterretning

005/25 Presten orienterer

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	28.01.2025	005/25

Møtebehandling

Presten var ikkje til stades

Vedtak

Sjå informasjon gitt av kyrkjeverja.

006/25 Førespurnad

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	28.01.2025	006/25

Forslag til vedtak

Tatt til orientering

Møtebehandling

Våren 2020 var det ei sak om tiltak med skinnet på altarringen i Valle kyrkje. Korleis går det med denne saka?

Vedtak

SR tek dette til orientering. Kyrkjeverja følgjer opp saka med skinnet på altarringen i Valle kyrkje, og legg fram ei orientering / sak til nest møte.

007/25 Fellesrådet og Soknerådet har kvar sine særskilte oppdrag

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	28.01.2025	007/25

Forslag til vedtak

Tatt til orientering

Vedtak

SR tek dette til orientering.

008/25 Minnelund - endeleg handsaming

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	28.01.2025	008/25

Forslag til vedtak

Fellesrådet tek endringane gjort i arbeidet fram mot godkjenning av minnelunden i samtale med Statsforvaltaren til etterretning.

Administrasjonen følgjer opp arbeidet med tilrettelegging av eigna plass for personleg sorguttrykk i samarbeid med teknisk avdeling i kommunen.

Administrasjonen henter inn følgjer opp med å sende over pdf-versjon av gravkartet til statsforvalteren.

Vedtak

Fellesrådet tek endringane gjort i arbeidet fram mot godkjenning av minnelunden i samtale med Statsforvaltaren til etterretning. Det gjeld

- det blir namna minnelund på begge sider. Ein treng ikkje ha unamna minnelund.
- ein endrar namneplate frå bronse til bruk av syrefast stål.
- minnesteinane står slik at det ikkje er ei fram og bakside.
- minnestein blir fylt med namneplater fortløpande, om det er eitt eller to namn
- På minneplatene skal det vere plass til eitt eller to namn slik familien ynskjer. Administrasjonen må finne teksttype og størrelse og sende over til Statsforvaltaren.

Administrasjonen følgjer opp arbeidet med tilrettelegging av eigna plass for personleg sorguttrykk i samarbeid med teknisk avdeling i kommunen.

Administrasjonen henter inn og følgjer opp med å sende over pdf-versjon av gravkartet til statsforvalteren.

Vedtaket blir sendt over til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark for endeleg godkjenning.

Samrøystes vedteke

009/25 FR - Revidert framlegg til Forskrift om gravplassvedtekter, Valle kommune, Agder fylke

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	28.01.2025	009/25

Forslag til vedtak

Fellesrådet vedtek Framlegg til Forskrift om gravplassvedtekter slik det føreligg.

Administrasjonen sender det over til Statsforvaltaren for endeleg godkjenning.

Vedtak

Fellesrådet vedtek Framlegg til Forskrift om gravplassvedtekter slik det føreligg.

Administrasjonen sender det over til Statsforvaltaren for endeleg godkjenning.

Samrøystes vedteke

010/25 Minnelund - tilbud på namneplater

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	28.01.2025	010/25

Forslag til vedtak

Administrasjonen hentar inn alternativ til dette tilbudet.

Møtebehandling

Tilbudet frå Skiltspesialisten. Administrasjonen må hente inn skrifttype og størrelse.

Ein la fram eksempel på skrift og størrelse på namneplate, og ein går inn for å ha namn og fødsels og dødsdato utan tillegg.

Vedtak

Namneplata med ynskje å bruke er i

Syrefast stål 316 - tromlet

Plaketter 160x100x6mm

Skrifttypen som er valgt på minneplata er:

Skrifttype NAVN : Caecilia LT Pro 45 Light | Th pkt: 23,3

Skrifttype DATO: Gotham Narrow Medium | Th pkt:14,5

På vedlagte bilde ønskjer FR å bruke oppsettet på dei to nedste namneplatane.
Til venstre er namneplata slik ho ser ut med to namn over kvarandre.

Til høgre er namneplata slik ho ser ut med eitt namn.



Administrasjonen sjekker med flere leverandører og samanliknar tilbodet, og får fullmakt til å inngå avtale om kjøp når Forskrift om gravplassvedtekter er endeleg godkjent av Statsforvaltaren.

Samrøystes vedteke

011/25 FR - Forslag til priser og avgifter på tenester som gravplass-styresmakt

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	28.01.2025	011/25

Forslag til vedtak

Valle og Hylestad Kyrkjelege Fellestråd som gravplass-styresmakt legg dette forslaget "Priser / avgifter 2025" fram for Valle kommunestyre for endeleg vedtak.

Vedtak

Valle og Hylestad Kyrkjelege Fellestråd som gravplass-styresmakt legg dette forslaget "Priser / avgifter 2025" fram for Valle kommunestyre for endeleg vedtak.

012/25 SR - Hylstringen - marknad på Rysstad 23-25 mai – spørsmål om kyrkja kan delta

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	28.01.2025	012/25

Forslag til vedtak

Soknerådet stiller seg bak diakoniutvalet og ser positivt på at kyrkja har eit tilbod på denne marknaden.

Open kyrkje er eit fint tilbod i denne samanhengen.

Servering av vaflar og drikke høver godt på parkeringsplassen utanfor. Er det aktuelt med eit opplegg inne på gravplassen må ein sikre at det skjer med ro og verdighet. Enkle aktivitetar med eksempelvis tepper der ein kan bygge med lego inne på gravplassen er innafor. Aktivitet som legg opp til mellom anna leik, springing og ballspel skal ikkje føregå inne på gravplassen.

Møtebehandling

Hylstringen 2025 går av stabelen 23.-25. mai. Det vert då arrangert marknad på Rysstad, med mange involverte : Sølvgarden v/Torfinn Rysstad står som arrangør. Leikarringen v/Åse Mari Solbakk skal ha rekrutteringshelg. Revolver (bandet til Daniel Sanden Warg) skal ha konsert ute. Bratt Friluftsliv v/Åse Mari Solbakk og Marianne Solbakk Lye skal ha leikar for barn og ungdom. Hylestad snøskoterklubb v/Merete Austad skal ha køyring på vatn. Staut skal spele laurdagskvelden. På søndag skal veteranbilkklubben ha treff. I samband med marknaden på laurdag, har me og spurt om bygdekvinnelaga i Valle og Hylestad ynskte å ha bodar med matsal. Me ynskjer å lage eit inkluderande arrangement med rom for alle. Ungdomane våre skal få vere med på dugnad, slik som me har vakse opp med. I denne samanheng vonar me at diakoniutvalet vil vere med på arrangementet. Har forslag til leikar og mat utanfor kyekjegarden på Rysstad, på samme måte som kyrkja i Sirdal har utanfor kapellet på Fidjeland i samband med Sirdalsdagane. Ser fram til eit triveleg samarbeid 😊

Det har i seinare møte – etter at sakspapir var sendt ut - kome fram at Hylstringen ynskjer å ha kyrkja sitt tilbod borte ved Sølvgarden nærare arrangementet.

Vedtak

Soknerådet stiller seg bak diakoniutvalet og ser positivt på at kyrkja har eit tilbod på denne marknaden.

Open kyrkje er eit fint tilbod i denne samanhengen.

Samrøystes vedteke

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	28.01.2025	00001

00001 Årsstatistikk for Den norske kyrkje Valle og Hylestad sokn 2024

Informasjon

Årsstatistikken er levert pr 20. januar. Den er eit viktig dokument når rådet skal evaluere eige arbeid i kyrkjelyden, og utvikle arbeidet vidare.

Endringar frå tidlegare år

	2024	2023	2022
Konfirmerte	13	8	16
Vigde	4	2	0
Gravferd	15	9	16
Gudstenester tot.	30	31	35
Antal deltakarar	1865	1128	2141
Nattverdsgrt.	22	19	16
Deltakere	541	374	286
Skule / bh gtj	1	2 (90 – tårnagent?)	
Skule / bh	128	98	114
Jolaftan	220	151	141
Deltakarar			
Andakt institusjon	10	9	10
Takkoffer	110819	100063	108922
Giverteneste	0	0	0
Annan (basar)	19937	0	0
Til eiga verksemd	42703	19590	?

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	28.01.2025	00002

00002 Rapport på trusopplæringa i Valle og Hylestad sokn 2024

Informasjon

Rapport på arbeidet med trusopplæring for 2024

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	28.01.2025	00003

00003 Årsrapport for prostidiakonen 2024

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	28.01.2025	00004

00004 Referat frå Diakoniutvalet i Valle

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	28.01.2025	00005

00005 Utbetring av spelebordet og tangentane på orgelet i Valle kyrkje.

Informasjon

Orgelet i Valle kyrkje vart bygd i 1997 av Orgelmakerij Steendam. Dette er eit svært godt instrument, både til liturgisk bruk og til konsertar. Over tid har det vorte gjort erfaring om at sjølv spelebordet og tangentane er tungt å handsame. Tilbakemeldinga frå fleire organistar er at dette kan gå utover det fysiske arbeidsmiljøet til fast tilsett organist. Difor har organist saman med ekstern konsulent vore i kyrkja for å undersøke kva som kan gjerast med saka. Dei konkluderer med at saka er for omfattande til at dei sjølv kan gjere arbeidet med å justere tangentane, og tilrår at ein nyttar firmaet som fellesrådet har avtale om vedlikehald med i dette høvet.

Orgelbau Markus Krawinkel antydar ein pris på 2 750 euro, som svarar til kr. 32 490 (per 21. januar 2025). Arbeidet utførast i samband med at firmaet allereie er i området for å gjennomføre ordinært vedlikehald.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	28.01.2025	00006

00006 Fjerning av tepper i Valle kyrkje

Informasjon

Valle kyrkje er ei kyrkje med stor kulturell verdi, og det vert arrangert fleire konsertar her i løpet av året, deriblant orgelkonsertserien som har vorte ein tradisjon kvar sumar. Dette arbeidet når ikkje sitt fulle potensial sidan akustikken i kyrkja ikkje er noko særleg å skryte av. Klengen i rommet absorberast av tekstilane som finnast i kyrkjerommet. Difor meiner organisten at det er naudsynt å fjerne teppet i midtgangen, for å gjere kyrkjerommet til eit betre akustisk rom. Både instrumental lyd og felles salmesong vil kunne underbyggjast betre viss rommet får meir akustisk kvalitet. Skilnaden som kanskje burde vere kjent for soknerådet er mellom Hylestad og Valle kyrkjer. Der Valle kyrkje har teppe i midtgangen og tilnærma ingen akustikk, er Hylestad kyrkje eit godt og klangrikt kyrkjerom.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	28.01.2025	00007

00007 Minnelund - ein oversikt over kostnader

Informasjon

Vår mann på økonomi har levert denne rapporten som viser kostnadene mot prosjektet, slik det er bokført i regnskapet.